**UNIVERSITETET I BERGEN**
**DET PSYKOLOGISKE FAKULTET**
**INSTITUTTRÅD VED INSTITUTT FOR PEDAGOGIKK**

Arkivsaksnr.:2012/631

---

Møtet vart helde onsdag 21. november 2012 kl. 12.00-14.00 på møterom 425, Christies gate 13.

---

Medlemmar tilstade
Gruppe A: Rune Krumsvik, Kariane Westrheim, Marit Ulvik
Gruppe B: Vigdis Stokker Jensen

Gruppe C: Anlaug Lid
Gruppe D: Oda Birgitte Bergum(vara)

Fråfall: Kanutte Bye Røstad, Torstein Hole Nielsen, Arild Raaheim
Sekretær: Anlaug Lid

**REFERAT:**

| | | |
|---|---|---|
| **I** | **2012/631** | **GODKJENNING AV SAKSLISTE**<br><br>Sakslista vart godkjent. |
| **II** | **2012/631** | **GODKJENNING AV REFERAT**<br><br>Referatet vart godkjent 25. oktober. |
| **III** | **2012/9366** | **FULLMAKTSSAKER**<br><br>Instituttleiar har på fullmakt godkjent ein endring i forkunnskapskrav i emnet METMAU660. «Studentane må ha bestått tidligare emne i programmet.» er no endra til «Studentane må ha bestått minimum 30 studiepoeng før ein byrjar på emnet». Dette for å hindra at eit eventuelt stryk i ein eksamen vil føra til at ein må venta eit ekstra år for å ta METMAU660. Saka vart vedtatt i KUE 21.11.12, sak 2012/9366. |
| **IV** | <br><br>**2007/10885**<br><br>**2012/9857**<br><br>**2009/13558**<br><br>**2012/11566**<br><br>**2012/11840** | **ORIENTERINGSSAKER**<br><br>1. Orientering om fakultetsstyresaker.<br>2. Vedtatt høyringsinnspel frå IPED om normer og organisering av utdanningsaktivitetar. Sak 18/12 på sirkulasjon/e-post i instituttrådet, med vedtak 14.11.12.<br>3. Vedtatt høyringsinnspel frå IPED om forskrift for nye rammeplanar for lærarutdanning trinn 8-13. Sak 17/12 på sirkulasjon/e-post i instituttrådet, med vedtak 31.10.12.<br>4. Vedtatt høyringsinnspel frå IPED om utvida tilbod om høgare grads utdanning i psykologi. Sak 19/12 på sirkulasjon/e-post i instituttrådet, med vedtak 14.11.12.<br>5. Orientering om studentrepresentasjon i styrer, råd og utval ved Det psykologiske fakultet.<br>6. HMS-dag 28. november.<br>7. Val av verneombod for 2013-2014.<br>8. Orientering om rektorskulen.<br>9. Orientering om master i læring og undervisning HiSF/UiB.<br>10. NATED Midtvegsevaluering av nasjonale forskarskuler haust 2012. |
| | | **Eventuelt**<br>1. Orienteringssaker utdelt på møtet:<br>-Marit Ulvik er vikar frå UiB i styringsgruppa for «Ny i Hordaland», jmf. |

| | | |
|---|---|---|
| | | sak 11/12 (2012/10486).<br>- Marit Ulvik og Bjarte Furnes er oppnemnte medlemmar i praksisutvalet for 2012-2014, jmf. sak 16/12 (2012/9762).<br>2. I samband med innlevering av midtvegsevaluering av den nasjonale forskarskulen NATED tok Vigdis Stokker Jensen opp tema knytt til dette. Som stipendiat må ein forholda seg til mange strukturer: rettleiarar, forskingsgruppa, forskarutdanninga ved DPF, den nasjonale forskarskulen NATED, professor II knytt til stipendiatane m.m. I sum er det ein fare for at strukturane blir for mange og at dei ikkje er fleksible nok, og særleg er det dei nasjonale forskarskulane som set størst krav til stipendiatane. Stipendiatane oppmodar til eit fokus omkring dette ved IPED i forhold til grenseoppgangar mellom dei ulike strukturane.<br>3. Det vil verte oppretta eit stipendiatutval ved fakultetet. Fordelen med dette er ein meir direkte link mellom fakultetet og stipendiatane, og betre moglegheit for å fremje saker til instituttråda, FFU og fakultetsstyret. Samtidig er stipendiatane ved instituttet godt representert i diverse styrer pr. i dag, og det er delte meiningar blant IPED-stipendiatane om behovet for å opprette eit slikt utval. |

Rune Krumsvik
instituttleiar

Anlaug Lid
sekretær